



MØTEBOK

Organ	Hovudutval for næring og kultur
Møtestad	Villa Lidskjøl, Dalsåsen, Fjaler kommune
Møtedato	30.04.2019
Kl.	10:00 – 14:40

Faste medlemmer til stades:

Aleksander Øren Heen, Sp, møteleiar
Erlend Haugen Herstad, Sp
Hilmar Høl, Ap
Anne Lilleaasen, H
Marita Aarvik, Frp
Jon Olav Kvamme, KrF

Forfall til møtet:

Karen Marie Hjelmseter, Sp, leiar
Jakob Andre Sandal, SV
Torbjørn Vereide, Ap

Varamedlemmer til stades:

Per Kjøllesdal, Sp
Eldrid Skudal, SV

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesdirektør Jan Heggheim

Sekretariat for møtet:

Helga Bjørkhaug

Hovudutvalet valde Aleksander Øren Heen som møteleiar.

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Hovudutvalet valde møteleiar og Anne Lilleaasen til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Orienteringar:

- Klokkargarden/Jakob Sande-senteret - orientering og omvising ved ordførar Gunhild Berge Stang, kultursjef Ingeborg Tysnes og Margrethe Reisæter.
Idun Losnegård las dikt og skriv om utviklinga av Jakob Sande senteret vart delt ut i møte.
- Fjaler kommune og relevante utfordringar – orientering ved ordførar Gunhild Berge Stang.
- Torkel Sandsund og Ingrid Hansen orienterte om utvikling av prosjekta:
 - Teaterfestivalen i Fjaler
 - Samvirke i dag
 - Preform
- Fjaler Næringsutvikling – orientering ved dagleg leiar Ainor Naustdal.

- UNESCO Global Geopark i HAFS-regionen eit nytt fyrårn i Ytre Sogn – orientering ved avdelingsdir. for Kvernsteinsparken Franziska Rüttimann.
- Kunstnarsenteret på Dalsåsen og renovering av Villa Lidskjalv – orientering og omvising ved direktør Arild Bergstrøm.

**SAK 25/19 Skriv og meldingar - hovudutval for næring og kultur
30.04.2019**

Følgjande skriv og meldingar vart lagde fram til orientering:

1. Invitasjon til oppstartsmøte med fylkeskommunene - regionreform - drøfting av oppgåvedeling på kulturområdet.
 2. Orientering om arbeidet med å få på plass ein Akvakulturhall ved Måløy vidaregåande skule.
 - a. Studietur til Strand vidaregåande skule.
 3. Orientering om namneendring Vestland Musikkråd.
 4. Søknad om støtte til prosjektet «Ny infrastruktur og ny felles organisering for frukt- og bærneringa i Sogn og Fjordane».
 5. Tilskot til breibandsutbygging 2019 - Oppfølging av tidlegare tildelingar.
- Vedtak:** Skrivet vart utsett til neste møte.
6. Nynorsk kultursentrum - årsmelding og rekneskap 2018.
 7. Invitasjon til å vitje havbruksmessa Aqua-Nor 2019.
 8. Årsmelding for 2018 – Gulatinget.
 9. UKM-festivalen 2019 – program og kunstkatalog.

Muntleg orientering

Fylkesdirektøren orienterte om møte 17.- 18. juni i Flåm

SAK 26/19 Søknad om fylkeskommunal støtte til idrettsanlegg

VEDTAK:

1. Det vert ikkje løyvd fylkeskommunale midlar til realisering av fotballhall på Skei i Jølster kommune.
2. Det vert ikkje løyvd fylkeskommunale midlar til utvikling av Vik skisenter i Vik kommune.

Protokolltilførsel frå Erlend Haugen Herstad (Sp):

Representanten meiner det er uheldig at ein ikkje har rammer til å tildele søknadane, og at den politiske prosessen med tildeling av midlar til idrettsanlegg tidligare har vore urettvis ovanfor anlegg som no ikkje får midlar. Jamfør fylkestinget si tildeling til idrettsanlegg 12.06.2018, desse midlane skulle vore meir rettvis fordelt.

**SAK 27/19 Jølster - Astruptunet - søknad om tilskot til forprosjekt
for visningscenter**

VEDTAK:

1. Hovudutval for næring og kultur ser positivt på den satsinga som no vert gjort for å sikre og utvikle Astruptunet.
2. Hovudutvalet disponerer sjølv ikkje økonomiske midlar som kan imøtekomme søknaden frå Jølster kommune om tilskot til forprosjekt for visningssenter for Astruptunet, og ber om at søknaden vert meldt inn for vurdering i samband med tertial 1/19.

SAK 28/19 Campus Førde verftet AS

VEDTAK:

1. Det vert løyvd samla 3.900.000 kr til Campus Førde verftet AS som oppstartsmidlar for realisering av prosjektet.
2. Det vert lagt til grunn at Campus Førde verftet AS, så snart selskapet er etablert, søker fylkeskommunen om prosjektutviklingsmidlane. Søknaden må oppfylle krava i det alminnelege gruppeunntaket (GBER).
3. Løyvinga på 3.900.000 kr vert dekkja med disponible restmidlar som hovudutval for næring og kultur disponerer.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å handsame søknaden om prosjektutviklingsmidlar frå Campus Førde verftet AS.

SAK 29/19 Støtte til inkubatorane for 2019 og 2020

VEDTAK:

1. Kunnskapsparken Sogn og Fjordane får eit tilskot til inkubatorprogrammet på 1,3 mill. kr. for 2019 og 1,1 mill. kr. for 2020.
2. Tilskotet til KPSF vert tildelt med heimel i det alminnelege gruppeunntaket, artikkel 27.
3. Det vert sett av eit tilskot til inkubatorprogrammet til Aksello på 0,8 mill. kr. i 2019 og 0,7 mill. kr. i 2020. Aksello må sende inn ny kostnads- og finansieringsplan før tilskotet vert tildelt.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele midlar til Aksello i tråd med statsstøttereguleringa og reglar for inkubatorprogrammet.
5. Tilskota for 2019 vert dekkja med midlar under tenesteområde 7015 – nyskaping, sett av til kommuneretta næringsutvikling, tiltak innan nyskaping og innovasjonsnettverk, inkludert tilskot til inkubatortilbod. Tilskota for 2020 vert dekkja med restmidlar frå tidlegare år, utviklingsfond næring.

6. Det er ein føresetnad at arbeidet blir utført i tråd med SIVA sitt inkubatorprogram.

SAK 30/19 Søknad om støtte til bevaring av kulturhistoriske verdier på Harastølen

VEDTAK:

1. Harastølen AS får eit tilskot på 4 mill. kr. til å ta i vare dei kulturhistoriske verdiane på Harastølen i Luster. Tilskotet er mindre enn søkt om, og Harastølen AS må difor sende inn ein ny kostnads- og finansieringsplan der dei spesifiserer korleis dei vil nytte dei tildelte midlane i tråd med føringane i punkta under, og vurderingane i denne saka. Den nye kostnads- og finansieringsplanen skal godkjennast av fylkesdirektøren.
2. Tilskotet kan nyttast til å delfinansiere inntil 50% av kostnadane med utvendig istandsetjing av følgjande bygningar i prioritert rekkefølge:
 - a. Kapellet
 - b. Overlegebustaden
 - c. Reservelegebustaden
 - d. Taubanebygget
 - e. Hageanlegget
 - f. Vaktmeisterbustad/Kraftverket
 - g. Stabburet
 - h. Løene
 - i. Søsterhjemmet
3. Tilskotet kan nyttast til å delfinansiere inntil 50% av kostnadane ved innvendig istandsetjing av trappegangar og biblioteket i hovudbygningen.
4. Ein del av tilskotet kan nyttast til delfinansiering av istandsetjing av arbeidsbrakkene, tilskotet kan nyttast til å dekke inntil 50% av utgiftene til utvendig istandsetjing.
5. Tilskotet kan nyttast til å dekke inntil 50% av kostnadane med istandsetjing av hageanlegget ved hovudbygningen og overlegebustaden.
6. Istandsetjinga av bygningane skal gjerast etter antikvariske prinsipp. Det vil seie at mest mogleg av opphavelag/eldre material skal nyttast om att. Der det er behov for å skifte ut material med ny skal ny material ha same kvalitet og utforming som den gamle.
7. Det er ein føresetnad for tilskotet at Harastølen AS blir overdratt til investorgruppa som skal drive prosjektet på Harastølen vidare, slik som skissert i intensjonsavtalen mellom partane.
8. Tilskotet vert gitt med heimel i artikkel 53 i det alminnelege gruppeunnataket (kulturstøtte).
9. Tilskotet er ikkje endeleg før tilskotsmottakar stadfestar at dei tek i mot tilskotet på dei vilkår som er sette, og har sendt inn og fått godkjent oppdatert kostnads- og finansieringsplan. Tilskotet er heller ikkje endeleg før gruppeunntaksmelding er sendt inn til ESA gjennom Nærings- og fiskeridepartementet.

10. Tilskotet vert dekket med midlar disponible for hovudutval for plan og næring, utviklingsfond næring.
11. Fylkesdirektøren får fullmakt til å spesifisere vilkåra for tilskotet i tråd med vurderinga i denne saka.

**SAK 31/19 Søknad om tilskot til infrastruktur ved Njøs eigedom
som grunnlag for drift av Norsk frukt og bærseier**

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Det vert sett av 4 mill. kr. til forskingsinfrastruktur ved Njøs Eigedom.
2. Midlane vert dekket med utviklingsfond næring, restmidlar frå tidlegare år.
3. Ei tildeling føreset fullfinansiering av prosjektet slik det ligg føre i prospekt, eller eit justert budsjett i tråd med den finansieringa det er mogleg å løyse ut frå samarbeidspartar eller gjennom eigen finansiering. Det er ein føresetnad at også andre partnarar går inn med finansiering, og at finansieringa blir på eit slikt nivå at intensjonen bak prosjektet kan gjennomførast.
4. Det er ein føresetnad at ei tildeling kan gjerast i tråd med statsstøttereguleringa.
5. Fylkesrådmannen får fullmakt til å følgje opp saka, og tildele midlar dersom vilkåra i denne saka blir følgt opp.
6. Ytterlegare finansiering/tilskot vil bli vurdert i samband med Vestland fylke sitt budsjettarbeidet for 2020.

Endringsframlegg:

Hovudutvalet sette fram slikt framlegg til eit nytt punkt 6 istaden for punkt 6 i tilrådinga frå fylkesdirektøren:

Hovudutvalet er ut frå søknadssummen i denne saka kjende med at utfordringane er større enn utvalet kan komme i møte. Utvalet er også kjende med at det ligg føre søknad frå Lærdal Grønt på vegner av Sognefrukt og Innvik Fruktlager som utvalet får til handsaming i møtet 28. mai. Utvalet ber om at begge desse sakene blir meldt inn til handsaming i sak om tertialrekneskap 1 2019.

Avrøysting:

Fylkesdirektøren si tilråding punkt 1-5 vart samsøystes vedteke.
Hovudutvalet sitt framlegg til eit nytt punkt 6 vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Det vert sett av 4 mill. kr. til forskingsinfrastruktur ved Njøs Eigedom.
2. Midlane vert dekket med utviklingsfond næring, restmidlar frå tidlegare år.

3. Ei tildeling føreset fullfinansiering av prosjektet slik det ligg føre i prospekt, eller eit justert budsjett i tråd med den finansieringa det er mogleg å løyse ut frå samarbeidspartar eller gjennom eigen finansiering. Det er ein føresetnad at også andre partnarar går inn med finansiering, og at finansieringa blir på eit slikt nivå at intensjonen bak prosjektet kan gjennomførast.
4. Det er ein føresetnad at ei tildeling kan gjerast i tråd med statsstøtteregelverket.
5. Fylkesrådmannen får fullmakt til å følgje opp saka, og tildele midlar dersom vilkåra i denne saka blir følgt opp.
6. Hovudutvalet er ut frå søknadssummen i denne saka kjende med at utfordringane er større enn utvalet kan komme i møte. Utvalet er også kjende med at det ligg føre søknad frå Lærdal Grønt på vegner av Sognefrukt og Innvik Fruktlager som utvalet får til handsaming i møtet 28. mai. Utvalet ber om at begge desse sakene blir melde inn til handsaming i sak om tertialrekneskap 1 2019.

SAK 32/19 Nye frukt- og bærkulturar - basisprosjekt 2019

VEDTAK:

1. Njøs Næringsutvikling får eit tilskot til prosjektet Nye frukt og bærkulturar – basisprosjekt 2019 på 100 000 kr.
2. Det blir bedt om at marknadsarbeid blir prioritert.
3. Tilskotet vert dekkja med disponible restmidlar.

SAK 33/19 Tildeling frå Marint verdiskapingsfond 2019

VEDTAK:

1. To søknadar er vurderte som relevante i høve vilkåra i fondet, og hovudutval for næring og kultur innstiller på slik finansiering:

Prosjekt «Fysisk og digital møteplass for utvikling av lukka oppdrettsteknologi» med AkvaHub AS som søkjar vert tildelt kr. 470 000 i støtte frå Marint Verdiskapingsfond Sogn og Fjordane. Tilskotet vert gitt som bagatellmessig støtte.

Prosjekt «Prosjekt berekraftig oppdrett» med Måløy vidaregåande skule som søkjar får kr. 850 000 i støtte frå Marint Verdiskapingsfond Sogn og Fjordane.
2. Prosjekt «Nytt tanksystem (botn og forflytning av laks), landbasert oppdrett av laks» med søkjer Niri AS gjeld eit svært bedriftsretta prosjekt og i samråd med Innovasjon Norge er eit avslag sendt med oppmoding om å kontakte Innovasjon Norge for nærare dialog med tanke på finansiering.

3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å følgje opp sakene.

SAK 34/19 Nasjonal bibliotekstrategi 2020-2023, uttale

VEDTAK:

1. Ein ny nasjonal bibliotekstrategi må vere i samsvar med intensjonane i regionreforma og gi tydelege signal om korleis samhandling mellom stat og fylkeskommunar skal ivaretakast i strategiperioden.
2. Kulturpolitiske mål kan best nåast ved å sjå verkemiddel og tiltak på statleg, fylkeskommunalt og kommunalt nivå i samanheng.
3. Bibliotekfeltet vil bli styrkt gjennom ein utviklingspolitikk som erkjenner at større og mindre kommunar og by og land inngår i eit samspel. Ein nasjonal bibliotekstrategi bør bidra til å forsterke koplinga.

SAK 35/19 Statsbudsjettet 2019 kap. 1429 post 79 tildeling av tilskot til verdsarven

VEDTAK:

1. Løa på Ramsøy i Aurland kommune får tildelt kr. 208 000,- av dei resterande midlane frå statsbudsjettet 2019 kap. 1429 tilskot til verdsarven.
2. Fylkesdirektøren set nærare vilkår for bruken av tilskotet.
3. Dei resterande 72 000,- kr frå statsbudsjettet 2019 kap. 1429 post 79 tilskot til verdsarven vert fordelt i ei seinare sak.

SAK 36/19 Ung kultur møtest, strategiplan 2020 - 2024 - Høyring

VEDTAK:

1. Hovudutval for næring og kultur ser på strategiplan for UKM Norge 2020 – 2024 som ei vidareføring og justering i høve førre strategiplan. UKM må til ei kvar tid tilpasse og utvikle seg i høve endringar i ungdomskulturen og samfunnet generelt. Det syner framlegget til strategiplan vilje til.

2. Hovudutvalet vil likevel peike på følgjande som UKM Norge må ta omsyn til i vidare arbeid:
 - a) Det må komme tydeleg fram at dette er UKM Norge sin strategiplan. Strategiplanen forpliktar ikkje fylkeskommunen, men kan vere retningsgjevande.
 - b) UKM Norge ønskjer at UKM skal opplevast som relevant for ungdom. Å vere relevant handlar også om å kommunisere på ungdommen sitt eige språk. I Sogn og Fjordane har alle kommunane nynorsk som målform. Namn og visjon må ha ein versjon på nynorsk, og nettside, UKM-materiell og anna må også produserast på nynorsk.
 - c) Som oppfølging av strategiplanen, og for å sikre eit heilskapleg arbeid med UKM på tvers av nasjonalt, regionalt og lokalt nivå må samarbeidsavtalen med fylket frå 2012 takast opp til diskusjon og rullerast.
 - d) Dei nasjonale samarbeidsavtalane UKM Norge er part i må leggast til grunn for strategisk samarbeid, heilskapstenking og forankring. Det må vere eit mål å fremje ei meir heilskapleg satsing på kunst og kultur for barn og unge på alle nivå.
 - e) Det må utarbeidast ein handlingsplan for iverksetting av strategiplanen.
3. Ein større del av UKM Norge sine ressursar bør nyttast til å sikre fundamentet for og stimulere utviklinga av UKM i kommunane. Dette for å nå lenger i å legge til rette der flest ungdommar møter UKM.

SAK 37/19 Scenekunststrategi 2019 - innspel

VEDTAK:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser positivt på ein strategisk gjennomgang av scenekunstheltet. Vi føreset at ein slik gjennomgang vil bidra til å styrke og utvikle lokale, regionale og nasjonale scenekunstsatsingar i heile landet.
2. Det er eit nasjonalt ansvar å sørge for språkleg mangfald. Vi ser fram til strukturar, ordningar og tiltak som sikrar og utviklar nynorskspråklege scenekunstsatsingar.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil peike på at ei mogleg etablering av Nynorskhuset i Førde som eit media- og teaterhus også vil kunne romme nye satsingar. Sogn og Fjordane teater si langvarige satsing på ny nynorsk dramatikkk kan her utviklast vidare som ei regional og nasjonal satsing.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune sine innspel elles går fram av vedlagte notat/innspel.

SAK 38/19 PreForm AS - kulturmidlar 2019 til utviklingstiltak

VEDTAK:

1. PreForm As får eit tilskot til drift i 2019 på 300 000 kroner.

2. Tilskotet vert retta inn til løn og honorar til personressursar som driv arbeidet vidare, med dei føringane som er gitt i søknaden og saka. Det vert lagt vekt på arbeidet med auka inntekter utanom offentleg støtte.
3. Tilskotet vert henta frå programområde 4005, til disposisjon for hovudutval for næring og kultur.
4. Det er vilkår at det vert levert rapport og rekneskap for tiltaket.

SAK 39/19 Høyring - Langtidsplan for pilegrimssatsing 2019-2037

VEDTAK:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune er positive til at Kystpilegrimsleia vert del av den statlege pilegrimssatsinga og representert med regionale senter.
2. Fylkeskommunen vil ta stilling til drift og finansiering av regionale senter langs Kystpilegrimsleia når forslag til lokalisering og modell for ivaretaking av den heilskaplege pilegrimsreisa langs kysten ligg føre.

Hovudutvalet vurderte habilitet for Marita Aarvik. Hovudutvalet fann Marita Aarvik habil til å delta under handsaming av saka.
